



STOR DAG: Opninga av kaien på Eidsnes var ein stor dag for Nordhordland skogeigarlag. Her er leiar Sigvard Hopland (i midten) i lag med Helge Kårstad frå Kystskogbruket og landbruks- og matminister Jon Georg Dale.



DOBLA: Kapasiteten på kaien vert meir enn dobla. «Ingunn» frå Myklebusthaug Rederi på Fønnes var første båt som gjekk frå kaien etter opning.



OPNINGSHOGG: Landbruks- og matminister Jon Georg Dale opna tømmerkaien med eit velretta øksehogg.

Alle foto: Livar Aksnes

Opna tømmerkaien med ekte øksehogg

LINDÅS: Landbruks- og matminister Jon Georg Dale stod for den offisielle opninga av den nye tømmerkaien på Eidsnes tysdag.

Av Livar Aksnes

Med eit velretta øksehogg kutta ministeren det tjukke tauet som var nytta som snor under opninga.

– Utnytting av naturressursane, som vasskraft, olje og fisk, har danna grunnlaget for velstanden her i landet, og skogen er og ein slik ressurs, sa Dale (Frp).

Han peika på at det aldri har vore så store mengder hogstmoden skog her i landet som no, og dette er verdiar som kan koma distrikta til gode.

Men skal dei verta realiserte, treng ein infrastruktur for å ta dei ut, som vegar og kaiar. Det er bakgrunnen for at regjeringa har auka tilskota til slik utbygging. Ein har dobla løyvinga til kaiar og auka tilskota til skogsvegar, sa Dale.

Frp fekk ros

Og regjeringa, og spesielt Fram-

stegspartiet, fekk ros frå mange hald for at dei har satsa på skogbruket, og ikkje minst utbygginga av kaiane, som er viktige for at tømmeret skal koma ut i marknaden, enten til treforedlingsindustrien eller treindustrien.

– Dette er tredje utviding av kaien her på Eidsnes, sa Sigvard Hopland då han opna seremonien.

Hopland er leiar i Nordhordland skogeigarlag, som står bak utbygginga. Den første kaien kom på 1980-talet, så vart han utvida tidleg på 2000-talet, og no har ein fått ein kai på 135 meter, som dermed kan ta mot større båtar enn før. Kaien vert og mykje meir praktisk i bruk.

Spleiselag

Totalt har den siste utbygginga kosta om lag 13 millionar kroner. Av dette dekkar staten 80 prosent.

– Og så har Hordaland fylkeskommune løyvt ein million kroner, Lindås kommune 560.000 kroner og dei andre kommunane i Nordhordland mindre summar. Resten må skogeigarlaget dekkja, fortel skogbrukssjef Nils Kaalaas i Lindås til Strilen.

Kaalaas har vore sentral i planlegginga av kaien, og har følgd prosjektet gjennom mange år.

– For nokre år sidan var det meininga at kaien skulle byggjast i tre, men det var for dyrt, utan at eg riktig forstår kvifor, seier Kaalaas.



MYKJE FOLK: Det hadde samla seg mykje folk under opninga av den nye kaien.

Dermed er det ein tradisjonell betongkai som er bygd. Kaien er elles ikkje heilt ferdig, men vil stå klar til bruk om tre veker. Det er Byggservice AS i Kvinnherad som har hatt hovudandbødet.

Mykje lettare

– Me har fire båtar som driv med tømmertransport, og utvidinga av kaien vil gjera arbeidet her mykje lettare. Det vert mellom anna enklare å skilja det som skal gå til skur frå det som skal gå til slip, seier Tore Myklebusthaug i Myklebusthaug Rederi på Fønnes til Strilen.

Og det var reiarlaget sin båt ”Ingunn” som var første båt som fekk æra av å gå frå den nye kaien.

– Me går mest til Tyskland, fortel Myklebusthaug.

Miljøvenleg

I år reknar ein med å skipa ut 230.000 kubikkmeter tømmer over kaien, men det kan verta dobla om nokre år. Dei største båtane tek 5000 kubikkmeter tømmer, og det tilsvarar 170 tømmerbilar.

Fleire påpeika difor miljøgevinsten ved å leggja til rette for tømmertransport på båt. Men det vart og etterlyst utbetring av vegane i

distriktet, for der er mange flaskehalsar som gjer tømmertransporten vanskeleg.

Ei rekkje instansar innanfor skogbruket, både offentlege og private, bar fram helsingar og ønskte distriktet lukke til med den utvida kaien.

Kjersti Wiik og Trond Fykse stod for det kunstnariske innslaget ved opninga. Dei framførte fleire songar med lokal tilknytning, mellom anna av Ivar Medaas, Aslaug Låstad Lygre og Per Hundvin.